
Fra: Helge Sæthre <hsaethre@gmail.com>
Sendt: 12. februar 2018 20:25
Til: Postmottak Lindås
Emne: Lysfiske i Radsundet

Har allereie kome med nokre innspel vedkomande "Kommunedelplanen for Knarvik - Alversund med Alverstraumen 2018", men gløymte ei sak som og ligg meg sterkt på hjarta. Det gjeld retten til å drive lysfiske i den trange straumen mot Radsundet. Såvidt eg veit er det slik i dag at det er tillate å drive lysfiske på eine sida av delelina i sundet, men ikkje på den andre.

Eit par gongar i året ligg det båtar i sundet og "tømmer" fjorden for det som måtte vere av fisk. Og medan det for nokre år sidan var populært for hobbyfiskarar å fiske til eige bruk, er det snart nyttelaust å freiste fiskelukka lenger for vanlege folk. Lysfiske er etter mi og mange si meining eit rovfiske som eigentleg ikkje burde vore tillate i det heile !

Eg vil derfor sterkt oppmoda om at det den nye Alver kommune har som hovdudregel at lysfiske i alle høve ikkje vert tillate i trонge fjordar/sund i storkommunen.

Sjølv er eg lekmann i denne samanheng og nyttar fjorden lite til fiske, men eg veit at mange ristar på hovudet til at denne praksisen er tillate.

Det fins jo nok av kompetanse på området som ein kunne rádspurt for å få dokumentasjon på påstanden min om at lysfiske = rovfiske.

Med venleg helsing
Helge Ivar Sæthre
Radøyvegen 237
5911 Alversund